

8. - 12. oktober www.litteratursymposiet.no



ODDA2014
LITTERATURSYMPOSIET





ODDA 2014

LITTERATURSYMPOSIET

8. - 12. oktober www.litteratursymposiet.no

Kompis i Odda

Kjære symposievenner.

Årets tema for Litteratursymposiet i Odda er KOMPIS. Dette har opna opp for tematikkar kring vennskap og uvenskap i litteraturen, samfunnsdebatten og musikken. Det handlar om vennegjengen, om heltar, om venskap som forvitrar, og om dei som står utanfor. På gale veier kan kameraderi og vennetenester føre til korrupsjon og nepotisme. Kor går grensene?

Vi har invitert forfattarar til å møte venner på scena. For å presentere kvarandre, snakke om forfattarskapa sine, om verdien av litterært venskap og om lesefellesskap. Blant venner kan ein kanskje gå tettare på?

Kinosjefen ruller ut den raude løparen til filmpremiere. Det blir konsertar, Orgelfest og bursdagsfest. Blueslaget gjer i stand Lindehuset. På mindre scener blir det forfattarmøte, opplesingar og samtalar, forestillingar, utstillingar og byvandringar. Små møte kan bli store.

Ta med deg ein kompis og kom!
Til #oddaoddaodda

Bestehels
Ingvild Ystanes, festivalleiar

Sporebane ike West



Odda Energi

NLI



ODDA KOMMUNE



Hardanger Folkeblad



Festivalleing:

Ingvild Ystanes, konst. festivalleiar
Else Marie Sandal, biblioteksjef og konst. kultursjef
Programansvarlig for barn og unge
Elisabeth W. Hauge, billettansvarlig
Elin Myran, Frivilligsentralen i Odda
Kari Selje, festivalkontor
Blueslaget Lokst Utøve, teknisk arrangør

Kunstnariske rådgjevarar:

Marit Eikemo, Frode Grytten, Frode Molven, Augon Johnsen

Billettar:

- Tenestetorget i Odda
- www.litteratursymposiet.no
- Restbill. i døra.



Bikubegang

- 1 MURBOLIGEN
- 2 FOLGEFONNGATA
- 3 FRELSesarMEEN
- 4 BARNESKULEN
- 5 PLATESJAPPA
- 6 FLYTEBRYGGA
- 7 TORGET
- 8 BUSSTASJONEN
- 9 ALMERKEPARKEN
- 10 GÅGATA
- 11 MERCUR CAFÉ
- 12 SKREVET
- 13 DOMUS
- 14 SMELTAREN
- 15 HARDANGER HOTEL
- 16 RÅDHUSET/BIBLIOTEKET
- 17 KINOEN
- 18 OPO
- 19 ERRAFLOT
- 20 TYSSEDALSVEGEN
- 21 LINDEHUSET
- 22 SMELTEHUSET
- 23 HJØLLO
- 24 RØLDALSVEGEN

Litteratursymposiet

- A LINDEHUSET
- B HARDANGER HOTEL
- C MEIERIET
- D KINOSALEN
- E ODDA KYRKJE
- F SMELT CAFÉ
- G SENTRALBADET LITTERATURHUS
- H ODDA BIBLIOTEK
- I MURBOLIGEN
- J IRIS SCENE
- K NLI
- L KINSARVIK BIBLIOTEK
- M KALVATRÆET, RØLDAL
- N MUSEUMSHAGEN
- O ODDA HÅRSTUDIO
- P ODDA VITENSENTER / VITENPARKEN
- Q IDRETTSMUSEET, FOLGEFONNGATA
- R ODDA ENERGI
- S ESPELAND DAME
- T GLØYP, KINSARVIK
- U SPAREBANKEN VEST



ONSDAG 8. OKTOBER

- 10.00-13.00 Meieriet **Symposieseminaret.**
Kysse ein bokstav! Om barnebøker med Erna Osland. **250,-**
Opning av Symposieutstillinga. Augon Johnsen (måleri). **Gratis**
- 15.00 Smelt
16.00 Biblioteket **Bibliotekdebatt.** Kven vil vera venner med biblioteka?
Ruth Ørnholt, Kristian Meisingset og Georg Arnestad.
Ordstyrar: Charlotte Myrbråten **100,-**
- 17.00 Sentralbadet **Venner for livet.**
Knut Olav Åmås i samtale med Kaja Schjervan Mollerin. **100,-**
- 19.00 Lindehuset **Litterær kraftstasjon.**
Symposiets høgtidelege opningsforestilling. **250,-**
- 21.30 Iris scene **Fjorden Cowboys.** Lothepus og Joar i samtale med Kjersti Mjør.
Minikonsert med Lothepus. **150,-**
- 22.00 Hard. hotel **DJ Lundski. Juicy Lounge.** **Gratis**

TORS DAG 9. OKTOBER

- 11.00 Sentralbadet **Møt Terje Sander.** v/ Erlend O. Nødtvedt. **50,-**
- 11.30 Meieriet **Den svarte viking.** Bergsveinn Birgisson på Senioruniv. **Bill. i døra**
- 12.00 Sentralbadet **Lillian Samdal med band.** Konsert på Lindeplassen. **Gratis**
- 13.00 Sentralbadet **Blant venner.** Ruth Lillegraven, Nils-Øivind Haagenen og Jens M. Johansson i samtale. **100,-**
- 14.00 Biblioteket **Møt Bergsveinn Birgisson.** I samtale med Charlotte Myrbråten. **50,-**
- 15.00 Biblioteket **Hjem til meg, Snakk til meg**
og andre innganger til familien i litteraturen.
Tom Egil Hverven og Kaja Schjervan Mollerin i samtale. **100,-**
- 16.00 Iris scene **Heimstaddikting.**
Linn Strømsborg, Arild Rein og Frode Grytten i samtale.
Ordstyrar: Erlend O. Nødtvedt. **100,-**
- 17.00 Iris scene **Møt Anna Fiske.** I samtale med Geir Gulliksen. **50,-**
- 18.00 Odda kirke **Orgelfest.** Øyvind Rimbereid og organist Sigbjørn Apeland
framfører "Orgelsjøen". Pedro Carmona-Alvarez les frå
"Sanger for kor". I samarbeid med Odda Orgelfestival. **150,-**
- 18.00 Hard. Hotel **Kameratskap – kameraderi – korrupsjon. Finst det grenser?**
v/Erling Folkvord. Foredrag og debatt. **100,-**
- 20.00 Gløyp/ Kinsarvik **Møt Brit Bildøen.** I samtale med Kaja Schjervan Mollerin.
Forfattarmøte i samarbeid med Ullensvang bibliotek. **Gratis**
- 20.00 Odda kino **Her er Harold.** Førpremiere på film. På scenekanten med Frode
Grytten, Bjørn Sundquist og Gunnar Vikene.
Programvert: Davy Wathne. **100,-**
- 22.00 Iris **Uvenner i musikken.** Pedro Carmona-Alvarez m/ band,
Frode Grytten, Jens M. Johansson. **150,-**
- 22.00 Hard. hotel **DJ Lundski.** **Gratis**

FREDAG 10. OKTOBER

- 11.00 Biblioteket **Bedriftsbesøk.** Erling Folkvord **Gratis**
- 11.00 NLI **Bedriftsbesøk.** Bergsveinn Birgisson **Gratis**
- 11.00 Odda energi **Bedriftsbesøk.** Jens M. Johansson **Gratis**
- 11.00 Spareb. vest **Bedriftsbesøk.** Erlend O. Nødtvedt **Gratis**
- 11.00 Espeland dame **Bedriftsbesøk.** Brit Bildøen **Gratis**
- 11.00 Odda hørstudio **Bedriftsbesøk.** Linn Strømsborg **Gratis**
- 12.00 Sentralbadet **Arild og Øyvind.** Kompisane Arild Rein og Øyvind Rimbereid i
samtale om eige og kvarandres forfattarskap.
Ordstyrar: Kaja Schjervan Mollerin. **100,-**

- 13.00 Biblioteket **Flogstad 70 år.** Kjartan Fløgstad, Tom Egil Hverven,
Kaja Schjervan Mollerin, Lars Ove Seljestad m.fl.
Programvert: Marit Eikemo.
- 13.00 Murboligen **Bikubesalong.** Opplesing: Selma Lønning Aarø,
Helga Flatland, Frode Grytten. **200,-**
- 15.00 Odda Sentrum **Bikubegang.** Byvandring med Frode Grytten.
Start i museumshagen. **Gratis**
- 15.00 Sentralbadet **Møt Geir Gulliksen.** I samtale med Nils-Øivind Haagenen. **50,-**
- 16.00 Sentralbadet **Sentralbadet poesi.** Linda Klakken, Erlend O. Nødtvedt,
Ruth Lillegraven. **50,-**
- 17.00 Sentralbadet **Usignert.** Forsvinningspunkt + open mic. **Gratis**
- 18.00 Lindehuset **Bestehels.** Bergsveinn Birgisson, Nils-Øivind Haagenen, Olav
Løkken Reisop, Linda Klakken m.fl. Pedro Carmona-Alvarez
m/ band. Konferansier: Jens M. Johansson **150,-**
- 20.00 Lindehuset **Litterær heilaften.** Opplesing v/ Brit Bildøen, Lars Ove
Seljestad og Ruth Lillegraven. Trio Cees.
Møt Jan Guillou, i samtale med sin venn Anne Holt.
Konferansier: Anne Oterholm. **250,-**
- 22.00 Hard. hotel **Fotballfredag.** Landskamp Malta-Norge på storskjerm kl. 2045.
Fotballdebatt: Davy Wathne, Kjartan Fløgstad, Frode Grytten,
Petter Veland. Jens M. Johansson. **200,-**
- 22.00 Smelt
22.00 Iris scene
22.00 Hard. hotel **Konsert. Trio Cees.**
Konsert. Lothepus.
DJ Lundski.

LAUR DAG 11. OKTOBER

- 11.00 Idrettsmuseet **Seljestad på museum.** Vinter er noko drit! **Gratis**
- 11.00 Meieriet **SmåSymp.** Anna Fiske og utdrag frå Hei Kalas! **75,-**
- 12.00 Hard. hotel **Skandinavisk debattkultur.** Hilde Sandvik, Jan Guillou og
Anne Holt. Ordstyrar: Per Christian Magnus. **150,-**
- 12.00 Sentralbadet **Frykt og engstelse.** Nils-Øivind Haagenen og Olav Reisop. **50,-**
- 13.00 Sentralbadet **Vennegjengen.** Nils-Øivind Haagenen med venner. **100,-**
- 14.00 Iris scene **Hei Kalas.** Familieforestilling med Heidi Marie Vestrheim
med venner. **100,-**
- 14.00 Hard. hotel **Gjennom sorga.** Brit Bildøen, Helga Flatland og Sigrun
Slappard i samtale. Ordstyrar: Anne Oterholm. **100,-**
- 15.00 Hard. hotel **Tiebreaker akustisk.** **Gratis**
- 15.00 Vitensenteret **Smelteverket rundt på 100 minutt.** **Gratis**
- 16.00 Hard. hotel **Mitt liv, mi bok.** Selma Lønning Aarø, Linda Klakken,
Jens M. Johansson. **100,-**
- 17.00 Odda kino **200 år på 2 timar.** Linda Eide og Sjur Hjeltnes. **330,-**
- 20.00 Lindehuset **FINN-ERIX VEGGEN.** Bestillingsverk. **300,-**
- 22.00 Hard. hotel **Lazy speler til dans. DJ Lundski.** **200,-**
- 22.00 Iris scene **Tiebreaker sleppfest.** Bill. i døra

SØNDAG 12. OKTOBER

- 13.00 Sentralbadet **Odda-Sauda med Fløgstad.**
Busstur over Saudafjellet med Kjartan Fløgstad som guide.
300,- (inkl. lunsj)
- 14.00 Kalvatræet **Opplesing ved Helga Flatland.**
(Røldal) **Gratis**





Vi opnar haustens vakraste eventyr med Litterær kraftstasjon. Nokre av våre fineste forfattarar og musikarar møttest i skjeringspunktet av det seremonielle, det humoristiske og det kunstnarisk nyskapande for å feire at vi har Litteratursymposium i Odda.

I samarbeid med Borealis viser vi verket: *You Say What to Do*, med Mark Knoop, Øyvind Skarbø og publikum. Tys-sedalkoret, Nils-Øivind Haagenen, KnutOlav Åmås, Frode Grytten og Lillian Samdal er blant dei som står på scena i Lindehuset. Det blir nyskrive kompidikt frå Haagenen, talar og overraskingar, perkusjon og kor, og minikonsert med Lillian Samdal og bandet hennar.



Litterær kraftstasjon

Onsdag kl. 19.00 i Lindehuset



Foto: Lene Latvedt

ONSDAG KL. 10.00-13.00 / MEIERIET KULTURHUS **SYMPOSIESEMINARET: KYSS EIN BOKSTAV!**

Om barnebøker med Erna Osland.

Erna Osland snakkar om eit livslangt forhold til bøker og lesande barn, og kjem med tips om korleis ein kan bruke bøker i lek og undervisning.



Foto: Ija C. Hendaal

ONSDAG KL. 17.00 / SENTRALBADET **VENNER FOR LIVET**

Knut Olav Åmås og Kaja Schjervén Møllerin trekker opp linjene for årets tema, i ein samtale om vennskap i si vidaste betydning.



Foto: Gyrdnaal

ONSDAG KL. 19.00 / LINDEHUSET **LITTERÆR KRAFTSTASJON**

Litteratursymposiets storslåtte opningsforestilling. Sjå eige oppslag s. 8.



Detalj: Den gamle bilen og havet

ONSDAG KL. 15.00 / SMELT **OPNING AV SYMPOSIEUTSTILLINGA**

Augon Johnsen/Måleri

Symposiets husdesigner og beste venn; designar, illustratør, hobbyfotograf, grafikar og no mest biletkunstnar: **Augon Johnsen** stiller ut måleri.



Foto: Stian Servoss

ONSDAG KL. 21.30 / IRIS SCENE **FJORDEN COWBOYS**

Sjå eige oppslag s. 16.



ONSDAG KL. 16.00 / BIBLIOTEKET

BIBLIOTEKDEBATT *Kven vil vera venner med biblioteka?*

Er biblioteka klare for historias skraphaug, slik **Kristian Mesingset** har hevda? Utnyttar forlaga innkjøpsordninga, slik fylkesbibliotekar **Ruth Ørnhold** tok til orde for? Kravet om at biblioteka skal vera som arena for ordsifte og debatt vil føre til filialdød og dårlegare tenester, meiner kulturforskar **Georg Arnestad**. Kva rolle skal biblioteka ha i den digitaliserte tidsalder? Vi tar debatten i Odda. Ordstyrar: **Charlotte Myrbråten**.



ONSDAG KL. 22.00 / HARDANGER HOTEL **DJ LUNDSKI I HOTELLBAREN** *Juicy lounge*



Forfattermøte



Foto: Tove K. Breibakk

Møt Terje Sander

i samtale med Erlend O. Nødtvedt
Torsdag kl. 11.00, Sentralbadet



Foto: June Wize

Møt Anna Fiske

i samtale med Geir Gulliksen
Torsdag kl. 17.00, Iris scene



Foto: Siren Landal

Møt Geir Gulliksen

i samtale med Nils-Øivind Haagenen
Fredag kl. 15.00, Sentralbadet



Foto: Henrik Montgomery

Møt Jan Guillou

i samtale med Anne Holt
Litterær heilaften,
Fredag kl. 20.00, Lindehuset



Foto: Linda Cartridge

Møt Brit Bildøen

i samtale med Kaja Schjerven Mollerin
Torsdag kl. 20.00, Gløyp Kinsarvik



Møt Bergsveinn Birgisson

I samtale med Charlotte Myrbråten
Torsdag kl. 14.00, Biblioteket

FILM

ODDA2014
LITTERATUROSYPDIET

FØRPREMIERE

HER ER HAROLD



Ein fandanivoldsk roadmovie og flatpakka komedie med Bjørn Sundquist i hovudrolla som den fallerte møbelhandlar Harold Lunde, som køyrer til Almhult i Sverige for å kidnappe IKEA-gründer Ingvar Kamprad.

Filmen er basert på del 2 i Frode Gryttens bok *Saganatt*. På med finstasen! Premiefest med rød løpar og Davy Wathne som vert på scenekanten med Bjørn Sundquist, Frode Grytten og regissør Gunnar Vikene.

Torsdag kl. 20.00, Odde kino



Foto: Tone K. Breiten

TORSDAG KL. 11.00 / SENTRALBADET

MØT TERJE SANDER

Vi presenterer stolt ei ny «Oddastemme»: **Terje Sander** jobbar som lærar i Odda og debuterer på Samlaget i haust med science fiction-verket *Daudmannaland*. I samtale med sin venn **Erlend O. Nødtvedt**.



TORSDAG KL. 11.30 / MEIERIET

DEN SVARTE VIKING

I år 846 vart Geirmund Heljarskinn fødd i Rogaland. Han skulle bli «Den svarte vikingen» – den mektigaste landnåmsmannen på Island. Han sto i spissen for ein internasjonal fangstøkonomi, og hadde fleire hundre kristne slavar under seg. Men det finst inga saga om Geirmund Heljarskinn, og ettertida har freista gløyme ham. Kvifor? Møt forfattar av boka *Den svarte viking*, **Bergsveinn Birgisson**, på Senioruniversitetet.



Foto: Lars Kørff Luffhus

TORSDAG KL. 12.00 / SENTRALBADET

GRATISKONSERT: LILLIAN SAMDAL MED BAND

Som songar og låtskrivar let **Lillian Samdal** seg inspirere av tonespråk frå viser, folkemusikk og salmar. Folk, historier og møte er utgangspunkt for tekstane biletkunstnaren skriv og naturen gir ofte ramme om musikken. Om fint ver blir konsert ute på Lindeplassen.



TORSDAG KL. 13.00 / SENTRALBADET

BLANT VENNER

Ruth, Jens og Nils-Øivind har vore venner lenge. Dei har lest kvarandre og følgd kvarandres forfattarskap. Dei har gjort kvarandre mindre einsame i eitt av dei, trass alt, mest einsame yrka som finst. Dei hadde nok skrive utan kvarandre også, men skriv dei betre med kvarandre? Tanken er ja. Vi får høyre og sjå.

Ruth Lillegraven, **Jens M. Johansson** og **Nils-Øivind Haagenen** i samtale.



TORSDAG KL. 14.00 / BIBLIOTEKET

MØT BERGSVEINN BIRGISSON

«Langt mer erotisk enn 50 shades», skreiv Dagbladet i bokmeldinga av *Svar på brev frå Helga*, islandske **Bergsveinn Birgissons** første bok som vart omsett til norsk. Møt Bergsveinn i samtale med **Charlotte Myrbråten**.




Foto: Gyldendal

TORSDAG KL. 15.00 / BIBLIOTEKET

HJEM TIL MEG, SNAKK TIL MEG

og andre inngangar til familien i litteraturen.

Kompisar er vel og bra, men vi kjem ikkje utanom ein prat om familien. Ekteskap og utroskap. Brødre og døde fedre. Familierelasjonar er mat for forfattarar. Møt litteraturvitarane **Tom Egil Hverven** og **Kaja Schjerven Mollerin** i samtale.

FJORDEN



COWBOYS

Iris scene. Onsdag kl. 21.30

Du k dde ikkje med Hardingar!, er slagordet til Hardangers mest profilerte kompisar: Lothepus og Joar. I dokument ren *Fjorden Cowboys* har vi fulgt dei i arbeid og fest, med damer og dynamitt,  tliv og brennevin, og med usannsynlig mye banning. Lothepus har turnert Vestlandet rundt som spelemann i sommar, og skal sj lvsagt synga og spele p  Litteratursymposiet. Men f rst m  ta ein prat med desse fjordingane og h yre ka faen det g r i.

M t Jan Guillou I samtale med Anne Holt

Litter r heilaften.

Lindehuset. Fredag kl. 20.00

Skandinavisk debattkultur

Hardanger hotel. Laurdag kl 12.00



Foto: Helge Skodvin

TORS DAG KL. 16.00 / IRIS SCENE

HEIMSTADDIKTING

Heimstaddikting kan skildrast som diktning om lokalmiljøet og kvardagsheltar, der handlinga er lagt til forfattarens heimstad. Stavanger, Odda og Furuset er skrivne inn i litteraturhistoria gjennom **Arild Rein**, **Frode Grytten** og **Linn Strømsborg** sine bøker. Vi har samla dei tre forfattarane til ein samtale om moderne heimstaddikting.

Ordstyrar: **Erlend O. Nødtvedt**.



TORS DAG KL. 17.00 / IRIS SCENE

MØT ANNA FISKE. Geir Gulliksen + Anna Fiske = sant.

Slik innleia Dagbladet meldinga av barneboka *Iben* og *forvandlingen*, skrivne av **Geir Gulliksen** og illustrert av **Anna Fiske**. Anna Fiskes bøker kombinerer det lette og det vanskelege. Som det står i ei av bøkene: "Glad, men sørger likevel". Møt Fiske i samtale med Gulliksen om litteratur, inspirasjon, illustrasjonar og dei små og store tinga i livet.



TORS DAG KL. 18.00 / HARDANGER HOTEL

KAMERATSKAP – KAMERADERI – KORRUPSJON

Finst det grenser? Du skal ta vare på vennene dine. Men kan du ta for godt vare på dei? Grensene kan vera flytande frå venneteneste til kameraderi, og vidare til korrupsjon.

Foredrag og debatt med **Erling Folkvord**.



TORS DAG KL. 18.00 / ODDA KYRKJE

ORGELFEST!

I *Orgelsjøen* tolkar og framfører **Øyvind Rimbereid** verdshistoria gjennom variasjonar av orgelmetaforar, med organist **Sigbjørn Apeland** bak trøene. I *Sanger for kor* er det kollektivet sine stemmer vi får høyre, i eit fleirstemmig, labyrintisk verk. Som den ekte mytoman han er, starter **Pedro Carmona-Alvarez** med sin versjon av skapelsehistoria. I samarbeid med **Odda Orgelfestival**.



Foto: Linda



TORS DAG KL. 20.00 / GLØYP I KINSARVIK

MØT BRIT BILDØEN I samtale med Kaja Schjerven Mollerin.

Forfattarmøte i samarbeid med Ullensvang bibliotek.

KOMPISDIKT

Torsdag-Laurdag
Kl 13.00 og 17.00
i Vitenparken

Laurdag kl. 20.00 i Lindehuset

Krig og knulling. Farssakn og morsbinding. Groupies og boblebad. Pink Floyds *The Wall* har stått som ein påle i over tretti år. Heilt til no. For jaggu har ikkje populærorkesteret Finn- Erix tatt til å interessere seg for materialet. På godt og vondt. Mest på vondt.

Med nærmast kirurgisk presisjon dissekerer dei Pink Floyd sitt monster av eit album. Kva betyr det egentlig å bygge ein mur i våre dagar? Går det an å ha ein mur inni seg? Må ein søke kommunen om å føre opp ein indre mur? Og kan ein leige inn polske murarar til å utføre arbeidet? Dette er oppsetninga som Roger Waters umulig kan ha sett for seg, sjølv ikkje i sine verste mareritt. Dette er Pink Floyd som har bytta ut syre og LSD med kaffi og kake. In The Flesh? O, yes, baby! Is There Anybody Out There? Ja, tre menn i raud velurdress.

Til å gjere sin heilt eigen versjon av VEGGEN får Finn Tokvam, Halvor Folgerø og Odd Erik Lothe drahjelp frå Frode Grytten og eit stjernelag av artistar, inkludert eit par som nesten har vore på Pink Floyd-konsert.



ODDA2014
LITTEAVISNING

A large graphic of a white brick wall with red graffiti. The graffiti reads "FINN ERIX VEGGEN" in a bold, hand-painted style. The text is arranged in three lines: "FINN" on the top line, "ERIX" on the middle line, and "VEGGEN" on the bottom line.



TORSDAG KL. 20.00 / ODDA KINO
FILMPREMIERE: HER ER HAROLD

Sjå eige oppslag side 13.



Foto: Niclas Solenev



Foto: Asbjørn Jensen

FREDAG KL. 12.00 / SENTRALBADET
ARILD OG ØYVIND

Kompisane Arild Rein og Øyvind Rimbereid i samtale om egne og kvarandres forfatterskap, fellestrekk og skilnader, og korleis dei les kvarandre. Ordstyrar: **Kaja Schjervén Mollerin**.

KOMPISDIKT
Torsdag-Laurdag
Kl 13.00 og 17.00
i Vitenparken



Foto: Augon Johnsen

TORSDAG KL. 22.00 / IRIS SCENE
UVENNER I MUSIKKEN

Ingen kompisfest utan musikkpreik! **Frode Grytten** og **Jens M. Johansson** snakkar musikk med **Pedro Carmona-Alvarez** og bandet hans - som har lova å spele dei beste sangane om uvennskap.

TORSDAG KL. 22.00 / HARDANGER HOTEL
DJ LUNDSKI I HOTELLBAREN Juicy Lounge

FREDAG KL. 11.00 / DIV. STADER
BEDRIFTSBESØK

Forfattarbesøk og opplesingar på arbeidsplassar i Odda. Besøka er opne.



Foto: Julie Pike

FREDAG KL. 13.00 / BIBLIOTEKET
FLØGSTAD 70 ÅR

Kjartan Fløgstad sto på plakaten på litteraturarrangementet *Ka e det med Odda* i 2003, forløparen til Litteratursymposiet i Odda. Han har sidan vore ein fast gjest på Symposiet og assosiert odding. Vi har tatt han til oss som ein Oddaforfattar: hans Lovra er litt som Odda, slik Sauda er litt som Odda. I år fylte han 70 år, det må sjølvsgatt feirast i Odda. Medverkande: **Kjartan Fløgstad**, **Tom Egil Hverven**, **Lars Ove Seljestad**, **Kaja Schjervén Mollerin**, **Marit Eikemo** m.fl.

Ta turen Odda-Sauda med Fløgstad på søndagen! (side 34)



Foto: Augun Johnsen



Foto: Nillas Lallo



Foto: Fredrik Arff

FREDAG KL. 13.00 / MURBOLIGEN

BIKUBESALONG

Eksklusive opplesingar i Frode Gryttens bikube, Murboligen i Odda sentrum. Med **Selma Lønning Aarø**, **Helga Flatland** og **Frode Grytten**.



Foto: Søren Lauvdal

FREDAG KL. 15.00 / SENTRALBADET

MØT GEIR GULLIKSEN

Forfatter, redaktør og forleggar **Geir Gulliksen** fekk nyleg Aschehougprisen for sitt samla forfattarskap. Som redaktør har han vore tonegjevande for ein heil generasjon forfattarar. Geir Gulliksen møter sin venn **Nils-Øivind Haagensen** til ein samtale om sitt forfattarskap og om kreativitet og skrivning.

FREDAG KL. 15.00 / MUSEUMSHAGEN, NABOEN TIL MURBOLIGEN

BIKUBEGANG

Bli med **Frode Grytten** på byvandring gjennom det mytiske Odda. Musikk ved **Pedro Carmona-Alvarez**. Sjå eige oppslag s. 36.



FREDAG KL. 16.00 / SENTRALBADET

SENTRALBADET POESI

Litteratursymposiets program med ny poesi på Sentralbadet. Litteraturhus er ein fast og kjærkommen post på programmet.

Vi presenterer **Erlend O. Nødtvedt**, **Linda Klakken** og **Ruth Lillegraven**.



Foto: Renate Espe Aaga



Foto: Renate Espe Aaga



FREDAG KL. 17.00 / SENTRALBADET

USIGNERT

Dei er unge, dei stormar fram og dei lager diktfanzina Forsvinningspunkt! Opplesing ved **Fredrik S. Hagen** og **Paal Elstad** med venner. Symposiet gir rom til det uetablerte og upubliserte: Mikrofonen er ledig for dei som vil!



Foto: Augun Johnsen

FREDAG KL. 18.00 / LINDEHUSET

BESTEHELS

Hyllestdikt, skaldedikt og pastisjer. Eit knippe forfattarar hyller sine venner og litterære forbilder. **Pedro Carmona-Alvarez m/ band** gir oss songar for kompisar. **Nils-Øivind Haagensen**, **Bergsveinn Birgisson**, **Olav Løkken Reisop**, **Linda Klakken** m.fl. Konferansier: **Jens M. Johansson**



Foto: Augun Johnsen




Foto: Henrik Montgenery



Foto: Linda Cartrudge



Foto: Paal Audestad



FREDAG KL. 20.00 / LINDEHUSET

LITTERÆR HEILAFTEN

Hør forfattarane sjølve lese frå haustens beste bøker: **Brit Bildøen**, **Lars Ove Seljestad** og **Ruth Lillegraven**. Etterpå blir det møte med Jan Guillou, i samtale med sin venn Anne Holt om sine bøker og livet forøvrig. Musikk ved **Trio Ceas**. Kveldens konferansier: **Anne Oterholm**.



Laurdag kl. 15.00 / Odda vitensenter (start)

Smelteverket rundt på 100 minutt



«Mine kjensler er i Fabrikken støypt. Av stein og eld er mine kjensler smidd», skriv Lars Ove Seljestad i *Storspring: Fabrikkdikt*.

Det hadde aldri vore bygd så store fabrikkar i Norge då Odda Smelteverk stod ferdig i 1908. Sidan dunka og gjekk det i nesten hundre år, som eit stort svart hjarte gjennom Odda sentrum. Fabrikken har gitt liv og arbeid til oddingane og inspirasjon til forfattarane. Frode Grytten, Lars Ove Seljestad og Marit Eikemo er blant dei som for lengst har skriva fabrikk inn i litteraturen. Etter konkursen i 2003 har ruinane av fabrikk splitta oddingane i ein bitter strid om bruk og vern og riving.

Bli med på ei unik vandring med to kjemper frå Odda: Fabrikkdiktar og Oddas heimkomne son, sosiolog og tidligare smelteverksarbeidar: Lars Ove Seljestad og den legendariske fagforeiningsleiaren og Raudt-politikaren Terje Kollbotn. Saman tar dei oss med inn i ruinane av det legendariske Odda Smelteverk.



Foto: Manna Sorohan

FREDAG KL. 20.30/22.00 / HARDANGER HOTEL

FOTBALLFREDAG

Gå ikkje glipp av årets mest spektakulære fotballdebatt! I år med **Kjartan Fløgstad**, **Frode Grytten**, **Jens M. Johansson** og Oddas eigen ekspertkommentar **Petter Veland**, under streng, men kyndig leiing av **Davy Wathne**.

Landskamp Malta – Norge på storskjerm frå kl. 20.45.



Foto: Eivind Senneset

FREDAG KL. 22.00 / IRIS SCENE

LOTHEPUS. Konsert



Foto: Fjell

FREDAG KL. 22.00 / SMELT

TRIO CEES. Konsert

KVETJ SmåSymp

Laurdag KL. 11.00 / Meieiet kulturhus
SMÅSYMP

Kun det beste er godt nok for vårt yngste publikum. Anne Fiske er illustratør og forfattar av mange fine biletbøker for store og små. Ho les og viser bilete frå nokon av dei. Vi får òg ein smakebit frå den forrykande familieforestillinga **HEI KALAS!**, som blir spelt i full versjon på Iris scene litt seinare på dagen.

LAURDAG KL. 14.00 / Iris Scene
HEI KALAS! Familieforestilling

Hei Kalas! syng og speler musikk med ein underfundig undertone. Sangane er artige på ein trist måte eller trist på ein artig måte. Det handlar om kva ein tenker på og opplever i kvardagen. Med **Heidi Marie Vestrheim**, **Roy Ole Førland** og **Anniken Theodorsen**.

SKULE- OG BARNEHAGEBESØK

Dei små i Odda og Ullensvang får besøk av nokre av våre finaste forfattarar. På biblioteka ventar **Anna Fiske**, **Ingunn Aamodt** og **Ruth Lillegraven** på barnehagane. Barneskule-elevar går eller bussar til Odda kino, til skuleforestillingar med **Pulverheksa**, **Hubert og Otto monster** og **Marg&Bein**, av og med **Ingunn Aamodt**, **Arne Svingen** og **Jøn Ewo**. **Helga Flatland** skriv ikkje bøker for barn, men har kanskje noko å seie til ungdommen. Elevmøte på vidaregåande, der det og er poesikurs med **Linda Klakken**. **Tiebreaker** skal til ungdomsskulen i Odda, **Anne Viken** og **Erna Osland** ut i fjorden.

For fullstendig skuleprogram:
www.litteratursymposiet.no





Foto: Augon Johnsen

LAURDAG KL. 11.00 / IDRETTSMUSEET **SELJESTAD PÅ MUSEUM: VINTER ER NOKO DRIT**

Lars Ove Seljestad gjekk ein gang Dyrskarrennet, men fekk aldri premie. Forsmådd forfatter møter arrangørane.



Foto: Heidi Fure



LAURDAG KL. 12.00 / SENTRALBADET **FRYKT OG ENGSTELSE**

Nils-Øivind Haagenes og Olav Løkken Reisop kjenner på angsten og les engstelige utdrag frå egne og andres dikt.



LAURDAG KL. 11.00 / MEIERIET KULTURHUS **SMÅSYMP** Sjå eige oppslag s. 29



Foto: Augon Johnsen

LAURDAG KL. 13.00 / SENTRALBADET **VENNEGJENGEN**

Nils-Øivind Haagenes med venner. Samtaler, presentasjonar og opplesing.



LAURDAG KL. 12.00 / HARDANGER HOTEL **SKANDINAVISK DEBATTKULTUR**

Nyttar det å teie i hel vanskelege røyster? Handlar norsk kulturdebatt eigentleg om kultur? Er det skilnad på norsk og svensk debattkultur? Kva handlar i så fall det om? Hilde Sandvik, Jan Guillou og Anne Holt møtes til debatt. Debattleiar: Per Christian Magnus.



Foto: Linda Carbridge



Foto: Tore K. Breidstein



Foto: Niklas Letho

LAURDAG KL. 14.00 / HARDANGER HOTEL **GJENNOM SORGA**

Brit Bildøen, Sigrun Slaggard og Helga Flatland skriv nært om sorga, over noko og nokon som er borte. Dei skriv om den kollektive og den individuelle sorga, og om korleis leve vidare når noko er øydelagd. Korleis leve i lag? Kor lenge her det rom for å vera eit sørgande menneske, når dei andre går vidare? Møt dei tre i samtale. Ordstyrar: Anne Oterholm.

LAURDAG KL. 14.00 / IRIS SCENE **HEI KALAS!**

Sjå eige oppslag side. 29.



LAURDAG KL. 15.00 / HARDANGER HOTEL
GRATISKONSERT: TIEBREAKER AKUSTISK

LAURDAG KL. 15.00 / ODDA VITENSENTER (START)
SMELTEVERKET RUNDT PÅ 100 MINUTT

Sjå eige oppslag s. 26

Foto: Frøthik, Arnt



LAURDAG KL. 16.00 / HARDANGER HOTEL
MITT LIV, MI BOK

Alle forfattarar bruker vel sine liv, sine erfaringar og sine omgjevnar som inspirasjon og utgangspunkt for sine bøker og tekstar. **Selma Lønning Aarø**, **Linda Klakken** og **Jens M. Johansson** har i ulike sjangrar gjort det, og tatt han litt lenger. Møt dei i ein samtale om diktning og erfaringar, det personlege og det sjølvbiografiske, det sanne og det oppdikta. Når begynner det eine og sluttar det andre? Og kva skjer når dei rundt deg begynner å blande seg inn?



LAURDAG KL. 17.00 / ODDA KINO
200 ÅR PÅ 2 TIMAR

Framsyninga som tok publikum med storm under Festspillene, spelar vidare. **Linda Eide** og **Sjur Hjeltnes** grev i den norske historia på jakt etter sidespora og digresjonane, og gir oss finurlige og musikalske betraktningar som set historiene våre i eit nytt og fascinerande lys.

LAURDAG KL. 20.00 / LINDEHUSET
FINN-ERIX VEGGEN (BESTILLINGSVERK)

Sjå eige oppslag s. 20



Foto: Augon Johnsen

LAURDAG KL. 22.00 / HARDANGER HOTEL
DJ LUNDSKI Funky Lounge i 1. etg.
LAZY SPELAR TIL DANS i 2. etg



Foto: Tiebreaker

LAURDAG KL. 22.00 / IRIS SCENE
TIEBREAKER SLEPPEFEST

Fire barndomsvennene frå Odda starta i 2011 bandet **Tiebreaker**. Dei spelar eksplosiv, groovy rock'n'roll med element av tungindustri og 70-talets prog-rock, ispedd mørk blues, og har ord på seg å vera eit forrykande liveband. **Sleppfest for debutalbumet!**



SØNDAG KL. 13.00 / AVREISE FRA SENTRALBADET
ODDA-SAUDA MED FLØGSTAD

Bli med på busstur med **Kjartan Fløgstad** som kjentmann og guide! Turen mellom dei to industristadene går via Røldal og opplesing på Kalvatræet, over det sagnomsuste Saudafjellet, med matpause ved dei nedlagde sinkgruvene i Almannajuvet. I Sauda blir det byvandring før retur Odda.



SØNDAG KL. 14.00 / KALVATRÆET I RØLDAL
OPPLESING: HELGA FLATLAND

Foto: Niklas Løilo

Foto: Hedi Furre

NILS-ØYVIND

Landets store kompsidiktar **Nils-Øivind Haagenen** er endeleg tilbake i Odda! Han har med seg venner og skal lese eit nytt kompsidikt for oss på **Litterær kraftstasjon**, snakke om lesefellesskap **blant venner**, møte **Geir Gulliksen** til samtale, og han tar med seg **Vennegjengen** til Sentralbadet laurdag for å snakke om **Frykt og engstelse**.

ODDA2014
 LITTERATURSYMPOSIET



BOKMARKNAD PÅ
 SENTRALBADET LITTERATURHUS
 Sjå oppslag om opningstider.

Fredag kl. 15.00 / Museumshagen

Bikubegang

Frode Grytten og Pedro Carmona-Alvarez

Litteratursymposiets lågterskeltilbod

Bli med inn i Frode Gryttens univers og det mytiske Odda. Bikubegang er ei vandring i det litterære og heilt konkrete Odda, med opplesingar og folkesnakk og historiske kuriosita. Grytten startar byvandringa i museumshagen over gata for Murboligen og stoppar ved fleire sentrale punkt i Odda. Her får vi høre om den gamle platesjappa til Betzy og dei legendariske snopedamene i Gågata. Vi får høre om partisekretæren frå Bikubesong som ramlar i Sørfjorden og endar opp med ein våt og uleselig 1. mai-tale. Vi får høre om slaget i Skrevet i 1931, då kommunistane og sosialdemokratane sine 1. mai-tog brasa saman i eit gedigent masseslagsmål. Og på kinotrappa syng Pedro.

ODDA2014
LITTERATURSYMPOSIET

